



Ekstremsportveko v/ Tord Bakke Arvesen

Dykkar ref.

Vår ref.

26/5311 - 2

Dato

16.06.2026

Saksnr.	Utval
69/26	Utval for klima, miljø og beredskap

Løyve til motorferdsel i utmark - Ekstremsportveko 2026

VEDTAK:

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Voss heradsstyre 28.02.2023, og vedtak om delegering i heradstyret 21.10.2021 sak 62/21 vert det gjort følgjande vedtak:

Løyve til å lande med helikopter i utmark ved «Telenor plattform» på Lønahorgi

- Speedflying: Planlagt dag onsdag 24.06. i tidsrommet 06.00-18.00.
- Paragliding: Planlagt dag torsdag 25.06 i tidsrommet 06.00-18.00.
- Reservedagar for arrangementa: i perioden mandag 22.06. til laurdag 27.06. mellom kl 06.00-18.00 for å nytte aktuelle «værvindu» for å gjennomføre arrangementa.

Helikopter tek av frå parkeringa i Bavallen.

Vedr. søknad om å lande med helikopter på innmark: Prestegardslandet

Syner til grunneigarløyve med vilkår frå Voss herad.

Vedr. søknad om å lande med helikopter på innmark: Smalahovetunet og Øvre Vassenden

Syner til grunneigarløyve med evt vilkår.

Løyve til å nytte motorbåt på Vangsvatnet, sone 1,

Gjeld ein opptrekkssbåtar for opptrekk av paraglidarpiloter, tre redningsbåtar og ein båt for wakeboard/Wakesurf, i sone 1 på Vangsvatnet - kvar dag i perioden 21. – 28.06. kl. 09.00 – 21.00.

Opptrekkssbåtar:

1. Eigar: Maris Brakss Realcraft 480 Bowrider, 16 fot, 140 hk

Redningsbåtar:

1. Eigar Voss HPK, str 12 ft, merke Steady, Yamaha 25 hk
2. Eigar Voss HPK, 4 takt, Yamaha 9,9 hk
3. Eigar Voss fallskjermklubb, 4 takt, Yamaha 9,9 hk

Båt for wakeboard og wakesurf

1. Eigar Gisle Erichsen. Supreme S220 6,7 m, 409 hk, maks 15 knop
2. Eigar Gisle Erichsen Jetboard, Electric surfboard, 20kW,

Løyve til å nytte motorbåt på Monsvatnet

Gjeld redningsbåt til tryggleik ved opprigg til og arrangementet «Lokst Utøve» (dødsekonkurranse):
23.juni kl. 10.00-19.00.

Gjeld redningsbåt til opprigg og nedrigg og blobstunt og promo 24. juni 08.00-20.00

1. Eigar Voss HPK, str 12 ft, merke Steady, Yamaha 25 hk.

Løyve til å nytte motorbåt på Svortetjørni

Gjeld redningsbåt til tryggleik ved opprigg og nedrigg og arrangementet «Cliff Masters»
(klippestuping): 25.juni kl. 08.00-20.00

1. Eigar Voss HPK, str 12 ft, merke Steady, Yamaha 25 hk.

Løyvene er gjeve i samsvar med §6 i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, samt Forskrift for bruk av motorfartøy på vassdrag og for landing og start med luftfartøy i utmark og vassdrag i Voss kommune, Hordaland 19.02.2004.

Dette løyvet overstyrer ikkje i anna regelverk, som til dømes for luftrom, tidspunkt for flyging frå flyplassen, o.a. eller grunneigar si rett til å nekte eller avgrense motorferdsel på sin eigedom.

Løyve frå Voss herad skal vera med under transporten, gjeld både ved flyging og for båtane, og visast fram på forlangande av politi og oppsyn.

Det må visast omsyn til natur, dyreliv og busetnad i området for motorferdsel i utmark. Dersom løyvet vert misbrukt i høve gjeldande løyve, lov og forskrift, kan det verta inndrege.

DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Søknad frå Ekstremsportveko 2026, datert 16.05.2026

FAKTA OM SAKA:

For 29. gong vert Ekstremsportveko arrangert i regi av stiftinga Ekstreme Voss.

I år frå søndag 21.06. til søndag 28.06.2026.

Ekstremsportveko søker om landingsløyve i utmark ved Lønahorgi for luftsport.

Gjennom heile festivalen ynskjer Ekstremsportveko å nytta opptrekksbåt og redningsbåtar, på Vangsvatnet for opptrekk av paraglidarar, samt båt og jetborard for wakeboard og wakesurfing.

Ekstremsportveko søker om å nytte båt ved Monsvatnet ved arrangementet Lokst Utøve med tanke på tryggleik. Samt å nytte båt ved Svortetjørni for tryggleik ved arrangementet Cliff Masters.

VURDERING AV SØKNADEN:

Det vert gjeve løyve til landing med helikopter på Lønahorgi og bruk av motorbåt i Vangsvatnet og Monsvatnet med motor større enn 7 hk/10 hk firetaktsmotor, som omsøkt.

Voss herad vurderer søknaden slik etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§8 Kunnskapsgrunnlaget. Kunnskapen om områda er godt. Det kan førekoma villrein ved landingstad ved Lønahorgi/Svartahorgi. Det er derfor naudsynt at Veko kontaktar Statens Natur Oppsyn (SNO), dagen før konkurransen, for å avklara landing med helikopter i området. I Monsvatnet er det ferskvannskreps og i Vangsvatnet er det freda laks og ål.

§ 9 Føre-var prinsippet: Sidan kunnskapsgrunnlaget er bra i denne saka, kan ein ikkje sjå nokon fare for at den omsøkte motorferdsla vil ha ukjente, store negative konsekvensar for områda.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning. Helikoptertransporten til Lønahorgi utgjer ein liten belastning på områda. Ein vurderer den samla belastninga til å vera liten.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Helikoptertransporten og bruk av båt i Vangsvatnet og Monsvatnet vil ikkje medføra særleg miljøforringingar utover den tida transporten pågår, og dette temaet vil difor ikkje vera relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er viktig at løyveinnehavaren planlegg transport på ein slik måte at transporten vert avgrensa til færrest mogleg turar. Ved evt oljesøl skal dette fjernast så fort som mogleg for omsyn til spesielt ferskvannskreps, laks, ål samt anna flora og fauna.

KLAGE PÅ VEDTAK:

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Mogleg klage må setjast fram skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at søkjar har fått melding om vedtaket, jfr. forvaltningslova § 29.

Med venleg helsing

Tilla Ruud

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg

Samordna Søknad - Ekstremsportveko 2026.docx

Kopi til

Ekstremsportveko v/Georg

Hernes

Politiet vest

Sofie Torlei Olsen